



Til AU i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

SAKSBEHANDLAR: MARIA C. KNAGENHJELM

ARKIVKODE: 2011/1783 -

DATO: 05.12.2011

Jostedalsbreen nasjonalpark - innkalling til telefonmøte i arbeidsutvalet den 8. desember 2011

Vi viser til styremøte den 25. oktober 2011 i Loen der Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav fullmakt til arbeidsutvalet for avgjerd i utvalte saker.

Vi kallar med dette inn til telefonmøte i arbeidsutvalet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre torsdag den 8. desember kl. 10.00.

Saksliste:

Sak 51 – 2011 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 52 – 2011 Orienteringssaker

- a) Melding av ulovleg helikopterlanding
- b) Informasjon frå Direktoratet for naturforvaltning
- c) Bestillingsdialogen med SNO

Sak 53 – 2011 Løyve til helikopterlanding og skiarrangementet Skåla ned 2012- Sogn og Fjordane skikrins v/ Anders Felde (vedtakssak)

Sak 54 – 2011 Løyve til oppbygging av bruer og helikopterlanding i Sunndalen (vedtakssak)

Sak 55 – 2011 Budsjett for drift av nasjonalparkstyret (vedtakssak)

Sak 56 – 2011 Eventuelt

Dersom nokon har merknader til sakslista eller har andre saker dei ønskjer å ta opp, kan de gje ei melding til undertekna.

Dersom medlem av arbeidsutvalet ikkje har høve til å møte, ber vi om tilbakemelding snarast til nasjonalparkforvaltaren.

Med vennleg helsing

Torodd Urnes
Leiar (sign.)

Maria C. Knagenhjelm
Sekretær/nasjonalparkforvaltar

Adresseliste (på e-post):

Torodd Urnes, ordførar i Luster kommune
Eline Orheim, Sogndal kommune
Nils P. Støyva, ordførar i Stryn kommune

Kopi med vedlegg (pr. e-post):

Gunnvor A. Sunde, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Einar Målsnes, ordførar i Balestrand kommune
Nils Gjerland, ordførar i Førde kommune
Anders Ryssdal, ordførar i Gloppen kommune
Gerd Dvergsdal, ordførar i Jølster kommune
Kari Bolstad, Balestrand kommune
Sølvi Fretheim Steig, Luster kommune
Johan Berge, Stryn kommune
Eva Marie Halvorsen, Førde kommune
Per Jarle Myklebust, Gloppen kommune
Atle Reidar Sandnes, Jølster kommune
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune
Jarle Skartun, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Statens naturoppsyn Jostedalsbreen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Direktoratet for naturforvaltning

Møte i arbeidsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 8. desember 2011

Tid: Torsdag den 8. desember kl. 10.00

Stad: Pr. telefon

Til stades frå styret:

Andre deltakarar:

Saksliste:

Sak 51 – 2011

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 52 – 2011

Orienteringssakar

- a) Melding av ulovleg helikopterlanding
- b) Informasjon frå Direktoratet for naturforvaltning
- c) Bestillingsdialogen med SNO

Sak 53 – 2011

Løyve til helikopterlanding og skiarrangementet Skåla ned 2012- Sogn og Fjordane skikrins v/ Anders Felde (*vedtakssak*)

Sak 54 – 2011

Løyve til oppbygging av bruer og helikopterlanding i Sunndalen (*vedtakssak*)

Sak 55 – 2011

Budsjett for drift av nasjonalparkstyret (*vedtakssak*)

Sak 56 – 2011

Eventuelt

Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til helikopterlanding og skiarrangementet Skåla ned 2012- Sogn og Fjordane skikrins v/ Anders Felde

Nasjonalparkstyret for XXX har i møte / , i sak nr 2011/XX gitt

Dokument i saka:

- Søknad frå Norges skiforbund, Sogn og Fjordane skikrins v/ Anders Felde datert den 14.10.2011.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommuner, Sogn og Fjordane, datert den 25.10.1991.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold, datert den 19.06.2009.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Søknaden

Vi syner til søknad frå Norges skiforbund, Sogn og Fjordane skikrins v/ Anders Felde datert den 14.10.2011. Vi viser også til telefonsamtaler mellom søkjar og nasjonalparkforvaltar den 14. oktober og den 24. november.

Sogn og Fjordane skikrins søker om løyve til å organisere eit skiarrangement på Skåla i Stryn kommune. Rennet heiter Skåla ned 2012, og er eit prøveprosjekt for å utvide sesongen og den positive merksemda som motbakkeløpet Skåla opp har fått dei siste åra. Den planlagde datoen for arrangementet er laurdag den 21. april, eventuelt laurdag den 28. april, litt avhengig av ver og andre høve. Skirennen er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane skikrins, Stryn Idrettslag Alpint, Loen Idrettslag og Hotell Alexandra. Det lokale Røde Kors vil bli involvert i arbeidet utover vinteren. Arrangørane vil også nytte seg av eit eksternt firma for å vurdere skredfaren i løpet av vinteren og fram mot skirennen.

Skirennen vil i all hovudsak gå føre seg i Jostedalsbreen nasjonalpark. Start er planlagt ved Skålatårnet (1843 m.o.h.) og mål ligg utanfor nasjonalparken ved Tjugensetra. Søknaden inneheld kart over den planlagde traseen, i tillegg vil arrangørane legge inn svingar i løypa for å kunne halde farten litt lågare for skikøyrarane. Traseen ned frå start går rett vest frå Skålatårnet, over Flatebreen, før den kryssar nasjonalparkgrensa omtrent ved Skålaelva og vidare vest mot mål på Tjugensetra. Traseen opp mot startpunktet føl sommarløypa nærare (men på motsett side av Fosdøla) for å unngå for mange krysningar av nedfartstraseen. Arrangørane vil merke løypa med stikker dei to første km, og nytte merkeband for å sperre av visse område for å unngå feilkøyring. I søknaden søker dei om løyve til å kunne ha opp mot 500 deltakarar fordelt på konkurranse- og trimklasse.

I samband med arrangementet søker Sogn og Fjordane skikrins også om løyve til å lande med helikopter ved Skålatårnet før og etter rennet. Skikrinsen understreker at den omsøkte helikopterlandinga hovudsakleg er for frakt av tryggingsutstyr. Dette gjeld først og fremst frakt av 3-4 sjukebårer, løypestikker og merkeband. I søknaden datert den 14.10.2011 har skikrinsen opphavleg søkt om 2-3 landingar på fredagen før rennet, og ei landing på laurdagen etter rennet er ferdig. I samtale på telefon den 24. november med nasjonalparkforvaltaren vart skikrinsen v/Anders Felde einig i å redusere trongen for motorferdsel før rennet til ei landing. Alle personar som er involvert i arrangementet, som løparar, publikum, funksjonærar og Røde Kors, går på ski.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I forskrifta står det vidare i § IV punkt 6: All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre. Idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode. Turlagsverksemd, naturguiding, turguiding, breføring, kurs m.m. er tillate dersom det ikkje strir mot vernereglane. Ferdsle i samband med militær, operativ verksemd er tillate.

I nasjonalparken er motorferdsel, også landing med luftfartøy forbode (verneforskrifta § III, punkt 4.1). Skirenn og helikopterlandinga må vurderast å få løyve etter den generelle dispensasjonsheimelen § 48 i naturmangfaldlova.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er området rundt Skåla definert som ein "brukssone".

Den 25. oktober var søknaden oppe som drøftingssak på møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. I referatet står det følgjande under sak 47 - 2011: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var positive til skiarrangementet Skåla ned, som er planlagt i april 2012. Styret var likevel negative til omfattande motorisert ferdsle som ein følgje av større arrangement i nasjonalparken. Sekretariatet utarbeidar saksdokument, og legg saka fram for arbeidsutvalet for endeleg vedtak.

Vurdering

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i fleire år gitt løyve til Hotell Alexandra/Loen IL/Skåla Opp til å arrangere motbakkeløpet Skåla Opp. Fylkesmannen og SNO har hatt gode erfaringar med dette arrangementet. Arrangørane har hatt løyve på ei landing med helikopter før og ei landing etter løpet, og m.a. stilt krav om maksimalt tal deltakarar for å avgrense slitasjen i landskapet.

Føresetnaden for å kunne gi løyve til eit idrettsarrangement i Jostedalsbreen nasjonalpark er at det omsøkte tiltaket ikkje kjem i konflikt med verneføremålet. Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal også dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, deriblant vedtak om dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. I høve verneføremålet til nasjonalparken § 3, 1. og 3. ledd vurderer nasjonalparkforvaltaren at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke verneverdiane. Spørsmålet er om eit skiarrangement vil påverke verneverdien i 2. ledd "å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging". I Norge er det ein lang tradisjon for å arrangere skirenn, og for å dra samla ut i naturen for å konkurrere i ulike øvingar. Den tekniske tilrettelegginga i det omsøkte arrangementet er på eit lågt nivå; stikker og merkeband vil kunne seiast å vere ein føresetnad for tryggleiken til utøvarane, og skal også fjernast straks etter rennet er ferdig. Under føresetnad at det vil ikkje bli høve til å nytte høgtalarutstyr eller "speaker" inne i nasjonalparken, er det også avgrensa kor mykje støy eit slikt arrangement vil skape. Ei helikopterlanding før og ei landing etter rennet er ein forbigåande forstyrring, og det kan vere preventivt å utplassere sjukebårer på førehand, slik at Røde Kors kan frakte ev skada personar ned frå fjellet på ski med pulk heller enn å tilkalle anna motorisert ferdsel.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget: Fylkesmannen og SNO har gode erfaringar frå arrangement rundt Skåla frå tidlegare år. Det er spesielt stor interesse for å drive friluftsliv i denne delen av nasjonalparken og det er stor interesse og

dugnadsinnsats frå lokalmiljøet. Det er ikkje avdekkja sårbart biologisk mangfald i dette området, og alle spor i landskapet vil forsvinne når snøen smeltar.

§ 9 føre-var-prinsippet: Det er tilstrekkeleg kunnskap om Skåla om området rundt og om tiltaket til at det ikkje vil vere fare for skade på natur og økosystem. Med vilkår om å ikkje nytte høgtalarutstyr vil arrangementet vere føre-var for støy. Eit skiarrangement er ein forbigåande forstyrning.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Den omsøkte helikopterflyginga har, i dialog med arrangøren, blitt redusert frå totalt 3-4 landingar til 2. Slik vil den samla belastninga bli redusert. I tillegg er det ikkje høve til å sette opp reklame inne i nasjonalparken, og alle stikker og merkeband skal takast ned same dag arrangementet er slutt (på laurdagen).

§ 11 kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Ved å følgje vilkåra i løyvet vil skiarrangement ikkje representere miljøforringing i særleg grad i Jostedalsbreen nasjonalpark.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Alle deltakarar, publikum, Røde Kors og arrangørar vil bevege seg langs løypa på ski. Dette inkluderer utplassering av sjukebårer etter helikopterlanding på Skålatårnet, samt oppsetting og nedtaking av stikker og merkeband. Snøscooter vert ikkje vurdert som meir miljøforsvarleg enn helikopter, då snøscooter ville ha hatt trong for fleire turar for å frakte same mengde utstyr som ein helikoptertur.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at arrangementet og den omsøkte motorferdsla, som er i eit område av nasjonalparken definert som brukssone, ikkje vil vere i strid med dette verneføremålet dersom søkjar følgjer vilkår i løyvinga. Forvaltaren vurderer det som betre å avgrense tal helikopterlandingar til ei før og ei etter rennet, enn å sette krav om eit maksimalt tal deltakarar i Skåla ned. Dette fordi tal deltakarar er mindre vesentleg om vinteren enn om sommaren, i og med at det ikkje er noko slitasje på landskapet om vinteren. Såleis er det viktigare å følgje vilkåra i løyvet og halde motorferdsla på minimum enn å setje eit tak på deltakarmassen. Skåla ned vil ha positive verknader for friluftsliv og folkehelse ved at mange vil ta turen oppover Skåla, anten som publikum, deltakarar eller funksjonærar. Skåla ned kan også profilere nasjonalparken og friluftslivet på ein positiv måte.

Framlegg til vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Sogn og Fjordane skirins v/ Anders Felde for å arrangere skirennet Skåla ned laurdag 21. eller 28. april 2012 på følgjande vilkår:

- a) Tal helikopterlandingar ved Skålatårnet avgrensar seg til ei (1) dagen før og ei (1) same dag som arrangementet vert helt. Helikopterflyginga etter arrangementet bør vere etter at dei fleste deltakarar og publikum er nede frå fjellet.
- b) All fysisk merking i terrenget som stikker og band skal fjernast same dag som arrangementet er slutt.
- c) Alt søppel frå start og frå ev drikkestasjonar skal fjernast og fraktast ned frå fjellet.
- d) Innanfor grensa til nasjonalparken skal det ikkje setjast opp reklame og det skal heller ikkje nyttast høgtalarutstyr ved startområdet ved Skålatårnet.
- e) Ein kortfatta rapport vert sendt forvaltningsmyndet seinast ein månad etter arrangementet.

Vedtak

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal være sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Vi gjer merksam på at Sogn og Fjordane skikrins må få løyve til arrangement og motorisert ferdsle frå grunneigar, samt søkje Stryn kommune om løyve til helikoptertransport, jf. motorferdsellova.

Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til gjenoppbygging av bruer og helikopterlanding i samband med dette i Sunndalen – Sunndalen sameige v/ Sverre Guddal

Arbeidsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har i møte / , i sak nr 2011/XX gitt

Dokument i saka:

- Søknad frå Sunndalssetra grunneigarlag v/ Sverre Guddal signert den 5.10.2011.
- Nasjonalparkforvaltaren var også på synfaring i Sunndalen 8.– 9.9.2011 med grunneigarrepresentant Erling Gjørven, SNO v/ Anne Rudsengen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Tom Dybwad.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommuner, Sogn og Fjordane, datert den 25.10.1991.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold, datert den 19.6.2009.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Søknaden

Vi syner til søknaden frå Sunndalssetra grunneigarlag v/ Sverre Guddal signert den 5.10.2011. Søknaden er fleirdelt:

- a) Grunneigarlaget søker om økonomisk støtte til gjenoppbygging av fire bruer. Kostnaden for materialar og helikoptertransport er rekna å bli minimum kr 20 000,- Arbeidet grunneigarane legg i gjenoppbygginga er ikkje rekna med i summen.
- b) Grunneigarlaget søker om løyve til å utføre det naudsynte gjenoppbyggingsarbeidet i nasjonalparken.
- c) Dei søker om helikopterløyve til å frakte materialane inn i nasjonalparken, først og fremst til bruarbeidet ved Stillevassvollen.
- d) Grunneigarlaget søker også om løyve til "inntil fire helikoptertransporter inn i nasjonalparken pr. år vidare fram i tid".

Det er fire bruer som er omsøkt bygga opp igjen. Under ein synfaring i Sunndalen 8.– 9.9.2011 var grunneigarrepresentant Erling Gjørven, SNO v/ Anne Rudsengen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Tom Dybwad og nasjonalparkforvaltaren og så på bruene som var borte eller kraftig øydelagt. Brua ved Sygneskaret vil trenge ny wire og oppretting, og materialforbruket vil koste ca kr 1500,- Brua ved Stillevassvollen er heilt borte og må byggjast heilt ny med ein kostnad på ca kr 16 000,- inkludert helikopter. Brua ved sætra treng ny bærewire, forankringar og plank, kostnad omlag kr 2000,- og brua ved Tverrelva treng eit nytt brukar på sørsida av elva, som vil koste kr 500,- Då er ikkje arbeid og dugnadsinnsats frå grunneigarlaget rekna med.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I forskrifta står det under § IV, punkt 1.1: Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende. I forskrifta si § 4, punkt 1.3 står det vidare at: Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til: bygging av bruer og klopper. (...) Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt 1.3.

I nasjonalparken er motorferdsel, også landing med luftfartøy forbode (verneforskrifta § III, punkt 4.1). Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsle for transport av material til hytter, klopper, m.m. (...) jf. verneforskrifta § III, punkt 4.3, første og tredje ledd.

Den 25. oktober var søknaden Frå Sunndalssetra grunneigarlag oppe som orienteringssak på møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. I referatet står det følgjande under Sak 44 – 2011, a) Gjenoppbygging av bruer i Sunndalen: Sunndalssetra grunneigarlag søker om kr 20 000,- til gjenoppbygging av fire bruer i Sunndalen. Dei søker også om løyve til å utføre det naudsynte arbeidet, samt helikoptertransport for å frakte material til brubygginga. Grunneigarlaget søker også om løyve til fleirårig motorferdsle til Sunndalssetra fire gonger pr år vidare fram i tid. SNO har midlar til gjenoppbygging av bruer i budsjettet for 2011, ev kan nasjonalparkstyret løyve resterande skjøtelsmidlar til prosjektet. Nasjonalparkstyret signaliserte at løyve til gjenoppbygging, transport av material, samt ev økonomisk støtte kan bli handsama i løpet av hausten i arbeidsutvalet til nasjonalparkstyret. Samtidig signaliserte styret at det ikkje vil vere aktuelt å vedta fleirårige løyve til motorferdsle før ein forvaltningsplan ligg klar.

Vurdering

Det er mykje viktig landbruksaktivitet i Sunndalen, men tal beitedyr i utmark er i reduksjon. Sunndalssetra og vidare oppover dalen er eit populært mål for friluftsliv i området. Det er heilt i tråd med verneføremåla å bygge opp igjen dei fire bruene som vart tekne eller øydelagt av flom. Eit avgrensa tal turar med helikopter for å frakte materialar er vurdert til å vere den mest effektive måten for transport inn i verneområdet. Det må likevel stillast vilkår om at flyginga skal haldast på eit minimum, men det er vanskeleg å setje eit vilkår om maksimalt tal turar i dette tilfellet. Søkjarane bør likevel sende ein rapport til forvaltningsmyndet i etterkant av flyginga.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer på den andre sida at dei omsøkte "inntil fire helikoptertransporter inn i nasjonalparken pr. år vidare fram i tid" ikkje er i tråd med ein ansvarleg forvaltning av Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er ikkje spesifisert verken til kva føremål, lokalitet eller tidsrom dette er søkt om, og det er eit viktig prinsipp å ikkje legge opp til opne motorferdselløyve i nasjonalparken. I tråd med overordna retningslinjer skal heller ikkje nasjonalparkstyret gi fleirårige løyve utover si eiga virketid. Det er også betre å vente med fleirårige løyve til den reviderte forvaltningsplanen for nasjonalparken føreligg. Grunneigarlaget vert heller oppmoda om å komme tilbake med ein søknad når det føreligg eit konkret behov for transport.

Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen har midlar igjen på budsjettet for 2011 og vil samarbeide med grunneigarlaget om innkjøp av material og utstyr. Alle faktiske kostnader vil såleis kunne bli dekkja.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget: Det er eit godt kunnskapsgrunnlag i forvaltnings- og skjøtelsplanen om Sunndalen, samt andre tilgjengelege kunnskapskjelder om Sunndalen. Bruene er viktige både for ettersyn av beitedyr i området, samt for friluftsliv og bruken av utmarka. Det har vore bruer tidlegare på alle dei omsøkte lokaliseringane. Det er ikkje avdekkja spesielt sårbart biologisk mangfald i området som vil la seg påverke av oppbygginga av dei omsøkte bruene.

§ 9 føre-var-prinsippet: Det er tilstrekkeleg kunnskap om Sunndalen, området rundt og om tiltaket til at det ikkje vil vere fare for skade på natur og økosystem. Kulturlandskapet i området gror raskt igjen, og det vil vere i tråd med verneføremålet å oppretthalde infrastrukturen over elvene for tilsyn av beitedyr og for friluftsliv. Det er likevel å tilrå at bruene vert noko forsterka for å unngå at bruene vert tekne igjen av flom ved eit seinare høve.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Der det er mogeleg bør Sunndalssetra grunneigarlag nytte dei same hola i berget for ankring av wire og liknande. Helikoptertransport av større mengder brumaterial er naudsynt for å bygge opp igjen bruene, men det bør ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt. Eit ope løyve til helikoptertransport inn i nasjonalparken vidare fram i tid er ikkje tilrådeleg.

§ 11 kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Ved å følgje vilkåra i løyvet vil helikopterflyginga og brubygginga ikkje representere miljøforringing i særleg grad i Jostedalsbreen nasjonalpark.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruene må byggjast opp igjen på ein solid måte slik at dei ikkje vert tekne av flom ved eit seinare høve. Bruene skal likevel byggjast i tråd med byggeskikken i området og bør tilpassast landskapet på den enkelte brulokalitet. Helikoptertransport for dei omsøkte bruene vert vurdert til å vere den mest miljøforsvarlege metoden.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at oppbygging av bruene som forsvann i flommen, og den omsøkte motorferdsle for å frakte material og utstyr inn til arbeidet ikkje vil vere i strid med verneføremålet. Eit ope løyve til helikoptertransport inn i nasjonalparken fire gonger pr. år vidare fram i tid er ikkje i tråd med god forvaltning av nasjonalparken.

Framlegg til vedtak

På bakgrunn av innsendt søknad, kunnskapsgrunnlag og vurderingar gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Sunndalssetra grunneigarlag for:

1. oppbygging av bru ved Sygneskaret, Stillevassvollen, setra og Tverrelva. Det er rom for utbetring og forsterking samanlikna med dei bruene som stod der tidlegare, men alle bruene skal byggjast opp i tråd med lokal byggeskikk og med tilpassing i landskapet.
2. flyging med helikopter for å transportere material og utstyr til brubygginga nemnt i punkt 1. Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt, og forvaltningsmyndet skal ha ein kortfatta rapport om flyginga seinast 30. desember. SNO v/ Anne Rudsengen må få melding i førekant av flyginga.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår å gi løyve til helikoptertransport fire gonger per år inn i nasjonalparken vidare fram i tid. Styret oppmodar heller Sunndalssetra grunneigarlag å komme tilbake med ein ev søknad dersom det er konkrete behov for motorisert ferdslé inn i nasjonalparken.

Vedtak

...

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal være sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Vi gjer merksam på at Sunndalssetra grunneigarlag også må søkje Stryn kommune om løyve til helikoptertransport, jf. motorferdsellova.

Sak nr 55 – 2011.

Jamfør brev frå Direktoratet for naturforvaltning datert den 21.11.2011 (sjå vedlegg) skal nasjonalparkstyra og fylkesmennene sette opp eit budsjett for kvart enkelt nasjonalparkstyre. Budsjettet skal syne den forventa ressursbruken i kvart verneområde. Punkt A og punkt B i budsjettet vert tildelt Fylkesmannen, som har personalansvaret for nasjonalparkforvaltaren. Punkt C, D, E og F vert stilt til disposisjon til styret. I tillegg til det framlagde budsjettet vert ein sum tildelt Jostedalsbreen nasjonalparkstyre over statsbudsjettet for 2012 som kan nyttast til skjøtsel og tilrettelegging i nasjonalparken. Denne summen er enno ikkje fordelt frå DN. Vedlagt ligg også brev frå FAD datert den 1.7.2011 som gjeld prinsipielle avklaringar rundt opprettinga av den nye forvaltningsordninga.

Budsjett 2012 Jostedalsbreen nasjonalpark			
Disposisjon	Tekst	Beløp kr	Kommentar
A:	Løn til forvaltar og andre sosiale utgifter		
	Lønn Maria Knagenhjelm 2012		
	Arbeidsgjevaravgift		
	Sosiale kostnader		velferdsmidlar, bedriftshelseteneste mm
	Feriepengar		
	Pensjon		
B:	Fellesadministrative tenester		
	Overhead FMSF	84 000	
C:	Etableringskostnader for sekretariatet		
	Digitalt kart for GPS	5 000	
	Anna	5 000	
D:	Driftsutgifter for sekretariatet		
	Kontorleige	24 000	
	Drift nasjonalparkforvaltar	48 000	Reise, synfaringar, kurs, sjå utrekning under fane Reise forvaltar
	Mobiltelefon	10 000	Gjennomsnittleg bruk hos FmSF
	Rekvisita kontor, porto, kopiering	5 000	
	MS-lisenser	7 000	
	Anna	5 000	
E:	Driftsutgifter for utvala		
	Reise- og møtegodtgjersle for styret		
	Møtegodtgjersle for arbeidsutvalet		
	Drift rådgjevande utval	12 000	To møte for syv personar, samt servering og lokale, samt reisekostnader
	Drift områdestyre	391 790	Jf utrekning, sjå fane Møtegodtgjersle styret
F:	Utgiftar ifm utarbeiding av forvaltningsplan		
	Medverkingsprosessar	30 000	Leige av lokale, servering, reiseutgifter, synfaringar
	Trykking og utsending av ferdig plan	0	truleg i 2013
	Avisannonsar	18 000	Fire lokalavisar, annonse både for oppstart og høyring
	Porto, utsending av høyringsdokument	5 000	
	Total sum	649 790	

Dei grønne felta skal Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylle ut.

Budsjetterte reiseutgifter nasjonalparkforvaltar Jostedalsbreen 2012:

Reise i samband med utarbeiding av forvaltningsplan	6000	
DN-samling 1	4000	
DN-samling 2	4000	
Nasjonalparkkonferanse Otta - Rondane 50 år	4000	
Kurs, uspesifisert	5000	
Faggruppesamlinger med andre forvaltarar*	7000	
Kurs i ePhorte/nettside for verneområda (DN)	4000	
Synfaringer i nasjonalparken i samband med tiltak	6000	
Overnatting og køyregodtgjersle i samband med styremøter	8000	
SUM	48000	

* Møte to gonger i månaden på Leikanger med dei andre verneområdeforvaltarane i fylket

Estimering av utgifter til møtegodtgjersle 2012 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

	Møtegodtgjersle	Timeforbruk
	Sats leder (kr/t)	* = inkl. like lang tid til førebuing
	Sats øvrige (kr/t)	som møtes ts varighet
	475	
	360	

Sjå sssse til møteplan 2012

Møtedato	Type	Tal timer	Tal deltakere	Tid forbruk leder	Kostnad leder (kr)	Tid forbruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar
xx.01.2012	Konstituende/STU	3	8	3	1 425	24	8 640	10 065	Samanstelling av styre
xx-xx.02.2012	Kompetansedagars/TH.	15	16	17	8 075	240	80 400	94 475	Styre-kurs (inkl styremøte)
xx.03.2012	Styremøte	5	8	6 *	2 550	40	14 400	17 250	Ordinært styremøte
xx.04.2012	Telefonmøte AU	1	3	2 *	550	3	1 050	2 030	Arbeidsutval (1 til bto)
xx.05.2012	Styremøte	5	8	6 *	2 550	40	14 400	17 250	Ordinært styremøte
xx-xx.06.2012	Styremøte m synhending	10	8	8 *	3 800	80	28 800	32 600	Styremøtesynhending - 1t til førebuing.
xx.07.2012	Telefonmøte AU	1	3	2 *	550	3	1 050	2 030	Arbeidsutval (1 til bto)
31.08.2012	NP-kont/Ofsa 2012 inkl vana	12	16	12	6 700	182	69 120	74 820	Afleg konferanse - Rondane NP 50 år
xx.09.2012	Telefonmøte AU	1	3	2 *	550	3	1 050	2 030	Arbeidsutval (1 til bto)
xx-xx.10.2012	Styremøte m synhending	7	8	8 *	3 800	56	20 160	23 990	Styremøtesynhending - 1t til førebuing.
xx.11.2012	Telefonmøte AU	1	3	2 *	550	3	1 050	2 030	Arbeidsutval (1 til bto)
xx.12.2012	Styremøte	5	8	6 *	2 550	40	14 400	17 250	Styremøte (1 til bto)
SUM kostnader møte 2012									295 790

Kjøre-/reisegodtgjersle

Estimering av utgifter til reise-/reisegodtgjersle, foretattadner:

1. Reiser med et bilsett på kr. 500 pr. person for Jostedal breen nasjonalpark:

2. Reiser med 8 styremedlemmer pr. møte (7 møter)

SUM:	28 000
-------------	---------------

Leie av lokaler, overnattning, samt servering under styremøtene (og ev. AU møter):

Konstituende møte i januar 2012 (innsamling, lunsj, kaffe med mel)

Kompetansedag (2 dager) nytt 2012, leie av lokale for 2 dager + overnattning, middag, lunsj med mer. For styre (8 stk) + vana (8 stk) + innleiarer

To stk kombinerte styremøte med synhending inkl fukost, lunsj, middag og overnattning

Styremøte/au-møte leie lokale og servering

Vi gir ut frå at overnattning og all servering i samband med NP-konferansen på Ofsa er dekt av DN)

SUM:	68 000
-------------	---------------

Totale utgifter i samband med møter i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2012 (estimerte utgifter med ein viss grad av sjånn)	391 790
--	----------------